

Av lokale bøker er Haugenboka bestseljaren.

18.12.2019



Det har neppe vore så mange lokale bøker i sal som i 2019.

Lokale bøker sel godt i Kvinnherad. Boka om Dokter Haugen toppar lista. Deretter kjem Omvikdalen Bygdekvinneleg si bok Kinnheradsbunaden - ei kulturhistorisk reise. Morten Nygård si bok Kjært er minnet - små og store soger frå kyrkjegardane i Kvinnherad ligg godt an på ein tredje plass. Det er Bente Soldal ved Rosendal Bokhandel som fortel dette til Grenda.

Boka Skaperglede som medisin er også ei fin julegåve i Uskedalen. Boka handlar om Aud Sørheim Myklebust si livsvandring i 60 år. Fleire sider frå den biografiske delen er frå Uskedalen. Mange av kunstverka hennar har motiv frå Uskedalen og Kvinnherad. Boka kom ut 2018 og uskedelingen og tidlegare journalist, Åge Magne Nerhus, har vore redaktør i boknemnda.



Morten Nygård si bok 1 om kyrkjegardane i Kvinnherad sel godt i tida fram til jul.

Kvinnherad Sogelag sitt Kvinnhersminne er alltid ei aktuell julegåve. I dette sogeskriftet vil du finna mykje interessant lokalhistorisk stoff frå Uskedalen.



Tema i Sunnhordland Årbok 2019 er fiskeri og maritime næringer i regionen.

Sunnhordland Årbok 2019 har tema om silda og maritimt næringsliv i Sunnhordland frå 1900 til i dag. Her finn vi mellom anna artiklar om hermetikkindustrien og sildoljefabrikkane, men også om fiske i dag, omsetnad og sal. Ei

side handlar den flytande sildoljefabrikken CLUPEA med studert Svein Myklebust og styrmann Martin Hauge frå Uskedalen.

Uskedalen.no har nyss skrive om boka Hordaland i krig - krigsåret 1940 sett frå den tyske sida. Boka er som ei dagbok og krigshendingane i Herøysundet og Uskedalen 18. - 20. april er godt dekkja.

Nokre av desse bøkene er å få kjøpt på SPAR, Uskedalen og i bokhandelen på Husnes og i Rosendal. Kunstboka om Aud Sørheim Myklebust kan de også få ved å kontakta Kristian Bringedal i Beinavikjo. Mobil 915 31 487.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



[Kunstboka om Aud Sørheim Myklebust med mange motiv frå Uskedalen er ei vakker gåvebok til jul](#)